




Vassdragsplan for Bjerkreimselva I Bjerkreim kommune



Bilde frå Tengesdal.

Kommunedelplan med arealdel 2001- 2013

Innhald

<u>1</u>	<u>Forord:</u>	3
<u>2</u>	<u>Innleiing</u>	4
<u>2.1</u>	<u>Planstatus</u>	4
<u>2.2</u>	<u>Mål</u>	4
<u>2.3</u>	<u>Planområde</u>	4
<u>3</u>	<u>Natur og kultur verdier</u>	5
<u>3.1</u>	<u>Vannet</u>	5
3.1.1	<u>Sur nedbør</u>	5
3.1.2	<u>Forureining</u>	6
<u>3.2</u>	<u>Bergrunn</u>	6
<u>3.3</u>	<u>Lausmassar</u>	6
<u>3.4</u>	<u>Jordsmon og klima</u>	7
<u>3.5</u>	<u>Flora og fauna</u>	7
<u>3.6</u>	<u>Kulturminne</u>	9
<u>3.7</u>	<u>Friluft</u>	10
<u>3.8</u>	<u>Ressursar</u>	11
<u>3.9</u>	<u>Utvikling</u>	11
3.9.1	<u>Bustader</u>	12
3.9.2	<u>Fritidsbustader og camping</u>	12
3.9.3	<u>Vegar</u>	12
3.9.4	<u>Landbruket</u>	12
3.9.5	<u>Industri og forretning</u>	13
<u>4</u>	<u>Arealdelen:</u>	13
<u>4.1</u>	<u>Retningsliner</u>	13
<u>5</u>	<u>Litteratur kjelde:</u>	14
<u>6</u>	<u>Vedlegg</u>	14

Forord:

Formålet med vassdragsplanen for Bjerkreimselva er å sikre ein bærekraftig forvaltning av natur og kulturfaglege verdier i og langs hovudelva, slik at framtidige generasjonar kan ha nytte og glede av disse verdiane.

Vassdragsplanen er ein kommunedelplan med arealdel som og vise prioritering slik det vert tilrådd i Rikspolitiske retningsline for vern av vassdrag (RPR). Planen vert eit tydleg reiskap for lokal forvaltning av Bjerkreimselva og tilstøytande vassdrag. Den vil være til stor hjelp for administrasjon og politikarar når det skal takast avgjere for tiltak i eller ved vassdraget. Med ein rullering er det viktig å fange opp faglige nye innspel og lokale høve.

Planen gir og ein grei skildring av bilete av fortida, i dag, og noko om framtida. Det har vert vesentleg å skildre dei ulike kvalitetar og verdier som området har.

Desse har vært med i arbeidsgruppa:

Marthon Skårland, leder

Kai Øverland, sekretær og prosjektansvarleg

Andre Gjedrem, Bjerkreim Elveeigarlag

Ivar Eldor Espeland, Bjerkreim Elveeigarlag

Norman Neveland, Bjerkreim Bondelag

Trygve Bjerkreim, Jeger og Fisk.

Innleiing

Bjerkreimsvassdraget dekkjer nesten heile Bjerkreim kommune, og munnar ut i Egersund kommune. Vassdraget er ikkje verna ved lov. Nedre del i kommunen ligg Fotlandsvatnet som er verna etter naturvernloven som naturreservat.

Vassdraget har stor friluftsliv og rekreasjonsverdi for Dalane regionen.

Bjerkreimselva er og ei viktig lakseelv, med eigen villaksestamme. Etter kalkinga er den blant de beste lakseelvene i landet. Bjerkreim kommune ynskjer derfor å utarbeide ein vassdragsplan for Bjerkreimsvassdraget med særskild vekt på hovudstrengen.

Planstatus

Vassdragsplanen vert ein kommunedelplan med forankring i plan- og bygningsloven samt ein tema plan som viser verdiklassifisering i høve til Rikspolitiske retningsline for verna vassdrag. Planen vil vere i samsvar med kommuneplanen sin arealdel, reguleringsplanar, landbruksplanen, kulturminneplanen, og kommunedelplanen for idrett og friluftsliv.

Mål

Føremålet med vassdragsplanen

- ➤ Å sikre ein langsiktig bærekraftig bruk og forvaltning av Bjerkreimsvassdraget med omsyn til natur- og kultur tilhøve, unngå forureining, og sikre rekreasjon og opplevingsverdiane for framtida.
- ➤ Ta omsyn til flomsituasjonen i vassdraget.

Planområde

Vassdragsplanen vil omfatte hovudvasstrengen frå og med Svelavatnet til Fotlandsvatnet i sør. Resterande del av vassdraget og Ognaelva vert dekt av kommuneplanen sin arealdel med føresegn og retningsline. Nærare avgrensing kan ein sjå på karta. I prinsippet følgjer planens dalføret langs hovudstrengen frå Svela vatnet til Fotlandsvatnet i sør. Føremålet med ei slik avgrensing er å få tatt med dei ulike tilhøva og pressområde som er aktuelle for vassdraget.

Planområdet omfattar eit 30 meters belte frå vasskant for: Svelavatnet, Bjerkreimselva, Oreåna. 30 meters belte gjeld og for resten av vassdraget med Ognaelva.

Natur og kultur verdier

Særpreget for Bjerkreimsvassdraget er eit heilskapleg bilete eller ein sum av ulike element. Bratte åsryggar og frodige skog kammar i eit utprega kulturlandskap av landbruk og beite. Gjennom dette landskapet dannar elva eit grønt drag av tre og buskar.

Hovudmål:

Særpreget langs Bjerkreimsvassdraget skal takast i vare på, med omsyn til landskap, natur og kulturelement.

Tiltak og handsaming:

Langs Bjerkreimselva i og ved elvestrengen vert det særskild lagt vekt på omsynet til friluftsliv og naturen. Desse to tilhøva skal vektleggast ved tiltak eller inngrep nær elva.

Vannet

Bjerkreims vassdraget er eit av dei større vassdraga i Rogaland. Det meste av vassdraget og øvre del ligg i Bjerkreim kommune. Den nedre delen ligg i Egersund kommune, og kallast Tengeselva.

Nedslagsfeltet er stort ca 706 kvadrat kilometer. Den normale årsnedbøren ligg på 2100 til 2500 mm. Middell vassføring på elva er 55 m³/s (kubikk meter per sekund.) I nedslagsfeltet ligg fleire store og djupe innsjøar. Desse magasinerar vatnet og jamnar ut ein del av flaumtoppane. Dei største vatna er Ørdsalsvatnet, Austrumdalsvatnet og Byrkjelandsvatnet.

Sur nedbør

Nedbøren som kjem er og har vært relativt sur (lav pH). Kombinasjonen mykje nedbør og sure bergartar har ført til ein sterk forsuring av vassdraget og jordsmonnet. Dette har ført til fisketomme og svært næringsfattige innsjøar og elvar. Takket være kalkinga har ein fått tilbake ført ein del av artane som var der før; laks, elvemusling (Ognaelva), døgnfluger. Det er og registrert at nedbøren er mindre sur enn tidlegare. Framleis kan det kome periodar med svært sur nedbør. Samstundes tar det lang tid å få tilbakeført fauna og flora for vassdraget. Derfor er det viktig å framleis vidareføre kalkinga av vassdraget. Større granfelt langsvassdraget er og eit problem når det gjeld utslepp av aluminium. Kombinasjonen saltedrev, regn og sur jordsmonn i granfelt kan føre til kraftig utfelling av aluminium. Aluminiumen førar til ein akutt forgifting av fisken.

Resultatmål

- Tilbakeføre dyre og plante arter i vassdraget, slik tilstanden var før den sure nedbøren tok til.

Tiltak og handsaming:

Lyte for vidare kalking av vassdraget på den mest optimale måten. Ta i bruk andre metodar om dei er meir økologisk/ økonomisk effektive. Unngå planting av granfelt som kan føre til akutt forureining av vassdraget.

Forureining

Utslepp frå landbruk og kloakk er moderat og ikkje rekna som eit stort problem. Både farge tal og bakterie verdiar er låge for Bjerkreimselva. [NINA rapport]. Når det gjeld mål og tiltak handsaming vil eg vise til Hovud plan for avløp, i Bjerkreim. For å unngå forureining frå jordbruk, er det vesentleg å ta vare på kantvegetasjon langs bekkar, elvar og vatn. Det bør unngåast å lukke bekkar som i dag fungerer som naturleg rensepark. Vassvegetasjon, plantar, buskar og trær tar opp tilsiget frå jordbruket. Dette er teneleg for vasskvaliteten og plante- og dyrelivet

Resultatmål

- Ta vare på naudsynt kantvegetasjon, og unngå lukking av bekker.

Tiltak og handsaming:

Kantvegetasjonen og bekkedrag som har ein reinsande effekt bør ikkje fjernast for å sikre ein naturleg reinsing av utslepp og utsig til vassdraget.

Berggrunn

I øvre del av vassdraget finner vi i hovudsak grunnfjell av gneis og granitt som både er sur og næringsfattig. Sør for Holmen dominerar anortositt bergarten (Egersund-feltet). Egersund-feltet er djupbergart som vart danna for 1,2 – 0,9 milliardar år sidan. Anortositten inneheld for det meste feltspatt, som forvitrar svært seint. [NGU 1982] Av den grunn finn ein mykje berg i dagen og lite forvittra materiale.

Lausmassar

Under istida vart dalane greven ut, og etterlet seg store lausmassar av ulik karakter langs vassdraget. Øvst oppe ved Veen er dei yngste morene førekomstane og på Tengesdal dei eldste. I utløpet av Svelavatnet ved Holmen ligg store endemorenar, som tidlegare blokkerte dalføret. Dette førde til ei oppdemning av ein innsjø som strakte seg frå Svela til Gloppedalen Ein endemorene finn ein og på Vinningland. I plan området finn ein endemorenar, som er av både grove blokkar og finare sand. Innsjøsedimenta og smeltevassavsetningar inneheld i hovudsak sand og silt, og dannar dei flate elveslettane langs Bjerkreimselva

Geologiske kvalitetar som bør takast omsyn ved ulike tiltak er: pedagogisk verdi, omfang og sjeldsyn, landskapet , dagens arealbruk, drenering og infiltrasjons eigenskapa, kvalitet som ressurs.

Verneobjekt

Rapport T- 678 frå Miljøverndepartementet som er utarbeida av geologisk institutt i Bergen, inneheld følgjande føreslag til vern av kvartærgeologiske område og førekomstar i planområdet:

Resultatmål:

- Endemorene ved Vinningland og Holmen bør ivaretakast mot inngrep som kan redusere vesentleg førekomsten sine geologiske kvalitetar.

Tiltak og handsaming:

Ved iverksetting av tiltak i førekomstane må det først vurderast kva konsekvensar tiltaket vil få for førekomsten. Det bør ikkje tillatast uttak av masser eller anna inngrep som kan redusere førekomsten sine kvalitetar.

Jordsmonn og klima

Vegetasjonen er i hovudsak eit resultat av klima, berggrunn, jordsmonn og menneskeleg aktivitet. Milde vintre og relativt tempererte somrar er karakteristisk for området. Jordsmonnet er grunnlent i store deler av området. Tilhøva er noko betre der ein finn morenemassar smeltevassavsetningar og elveavsetningar. Desse områdene er og noko sjølv drenerande, og ein finn dei i att som dyrka mark. Stadane Gjedrem, Bjerkreim, Apeland, Vinningland og Tengesdal er døme på dette.

Flora og fauna


Langs vassdragsbeltet finn ein treslag som svartor, selje, bjørk, hegg, rogn og ask. I nærrområde til vassdraget finn ein og fleire eikeskogar og hasselkjerr. Førekomstar av lindetre finn ein på Foreknuten. Takrør førekomstane ved Tengesdal og mot Fotlandsvatnet er svært viktig for fuglelivet. Ut frå DN handboka er det fleire viktige og nokre svært viktige biotopar langs vassdraget. Desse typane er:

- Rike kulturlandskapssjøar, Oretjørna og Apelandtjørna
- Rik edellauvskog, 17 lokalitetar
- Gamal edellauvskog, Tengesdal og Apeland
- Deltaområde, Bjerkreimselva mot Fotlandsvatnet og Hofreistæåna mot Svelavatnet
- Viktige bekkedrag, Bjerkreimselva og sidebekker.

Plante- og dyrelivet langs Bjerkreims elva i dalføret er utsett for terreng inngrep, utbygging, drenering, senking av vasstand, oppdyrking av våtmark og myr, skogsvegar, treslagskifte og hogst. Forsuring og gjødsling gjengroing reduserer talet på karplante artane. Den auka bruken av elva bør tilretteleggast slik at ein

unngår viktige leveområder og slitasje. Kulturlandskapet krev ein aktiv pleie for at ulike artar framleis skal være tilstade. Dette krev eit bevist og aktivt jordbruk. Veksling av kantskog, åker og vatn skapar ein viktig veksling som er naudsynt for mange plante- og dyreartar

Raudliste artar er planter og dyr som er sjeldne, sårbare, direkte trua eller utrydda artar som er registrert i Noreg eller internasjonalt.



Figuren vise prinsippet for raudlista.

Desse artane er lokalisert i området

- Åkerrikse (E); Orremoen i 1994 og Vikesdal i 1996.
- Dvergspett (DC); Berse, Åsen
- Kvitryggspett (V) Hetland, Bjordalen / Brattebø
- Vendehals (V); Berse, Røysland, Åsen
- Sædgås (V); Tengesdal,
- Songsvane (R); Tengesdal, Svelavatnet
- Rovfugl (E,V)
- Liten Salamander(V); sannsynlig
- Gaupe (DM); streifdyr
- Piggsvin (DC); i hagar og kulturlandskap
- Storlind (R); Foreknuten
- Klokkesøte (DC); Orremyrane ved Sagland/ Åsen

Når det gjeld artar som; karplantar, mose, sopp, lav, insekt, virveløse dyr, er det få registreringar og undersøkingar som er gjort i kommunen.

Resultatmål:

- Det skal takast naudsynt omsyn til plantar og dyr som er oppført på raudlista og som er lokalt viktige. Viktige og svært viktige biotopar bør

takast i vare på. Inngrep og tiltak skal ikkje redusere raudliste arten sin eksistensgrunnlag.

Tiltak og handsaming:

Før det kan gjerast inngrep i leveområde for raudliste artar, skal konsekvensane for området sin biologiske sårbarleik utredast. Det skal dokumenterast av fagperson at arten sin eksistensgrunnlag ikkje vert redusert. For viktige og svært viktige biotopar skal det gjerast arts registrering av fagperson. (Sjå elles KLASSE 4)

Kulturminne

Med kulturminne meinast alle materielle spor både faste og lause etter menneskeleg verksemd, både synlege og skjulte så vel på land som under vann. [NOU 1982:36] Derfor er det vesentleg at det vert gjort et utval av kva ein skal ta særskild omsyn til. Av objekt som kan nemnast innan for planområdet er: gravrøyser, rydningsrøyser, bygdeborg, gamal postveg, steingarar, geil, kvernkall, løer, våningshus. Kulturlandskapet har blitt forma og blir forma i samspel med naturen og menneskelig aktivitet. Landbruket er klart viktig formgivande element for det kulturlandskapsbilete vi har i dag.

Fylkesplan for kulturminnar 1988

A7013: Gammal veg frå Sleveland til Tengesdal. Verneverdig.

D4102: Lafta skule bygg på Tengesdal, frå ca. 1894. Verneverdig.

D4431: Løe i bindingsverk. Verneverdig.

D4439: Intakt kvernhus på Vinningland. Verneverdig

D4424: lafta våningshus ved Versland frå ca. 1865. Verneverdig.

D4411: Meget gammalt gardstun i dårlig forfatning. Forslag om vernetiltak.

D4410: Lafta gardsanlegg frå ca. 1880. Verneverdig.

D7008: Drikkekar for hester i Svelalia, som aldri vert tom. Verneverdig.

Resultatmål:

- Sikre informasjon om dagens og gårdsdagens aktivitetar i og omkring Bjerkreimselva for ettertida.

Tiltak og handsaming:

- Ved søknad om nye tiltak og inngrep i planområdet må konsekvensar for registrerte kulturminnar først utgreiast.
- Ta vare på eventuelt restaurere utvalde eksemplar på kulturminnar tilknytte vassdraget.
- Økt informasjon til publikum om kulturminna med til dømes kart og informasjonsskilt, samt publisering av lokalhistorisk litteratur.
- Lyte for at kulturminna vert allment tilgjengeleg.

Friluft



Bilde frå Gjedlackleiva ved rasteplassen

Bjerkreimselva går igjennom områder med aktivt landbruk, og vassdraget har ein viktig funksjon som lokalt og regionalt friluftsområde. Etter at kalkinga starta i 1994 har fiske tatt seg opp vesentleg, og er blant dei 10 beste i landet. Forutan fiske er det og aktivitetar som bading og padling. Langs gang- og sykkelvegen frå Vikeså til Gjedrem vert og mykje nytta til rekreasjon. fylkesvegen frå Gjedrem til Bjerkreim vert og nytta til rekreasjon.

I summarsesongen er det mykje trafikk på grunn av turisme og fiske. Derfor er det viktig å leggje til rette for dette. Ein del av tiltaka vert planlagt av Elveigarlaget i Driftsplan for Bjerkreimsvassdraget. Ein kvar tilrettelegging bør være mest muleg naturvenleg. Med det meinast at tilrettelegginga skal gje minst muleg miljølempe, minst muleg inngrep i natur og kulturmiljøet, og at kvaliteten på opplevinga i størst muleg grad vert tatt omsyn til. Langs vassdraget bør dei naturlege breddene med sine vegetasjonsbelte i størst muleg grad takast i vare på da det er hær ein finn leveområda for planter og dyr. På denne måten vert det biologiske mangfaldet oppretthaldt og opplevings verdiane dei best mulege.

Bjerkreimsvassdraget er ein viktig grønkorrridor i kommunen. Ein slik grønstruktur fungerer som eit kommunikasjonssystem, leveområde for plantar og dyr, og som areal for opphald, til leik, rekreasjon og oppleving. Grønkorridoren fungerer best med å vere samanhengande og kan knytast opp mot andre grøne lungar.

Både på nasjonalt og på fylkesnivå vektleggast det på ein auka tilrettelegging for friluftsliv, rekreasjon og leik i nærrområde til bustadfelt. Ved planlegging må det takast omsyn til ulike formar for aktivitet i nærmiljøet. Arealane sine storleik og

utforming må vere slik at sterk slitasje og konflikhtar mellom brukarane vert unngått.

Det bør avdekkast dei sterkast utsette område, eller dei områda som vert mykje brukt.

Resultatmål:

- Areal som vert eller vil kome til å vert intensivt brukt til friluftsføremål må ha omfattande tilrettelegging for eit slikt bruk, og det bør vurderast korleis områda for friluftsliv best kan sikrast. Alternativa er frivillige avtaler med grunneigarar eller kjøp.
- Grønstrukturen skal oppretthaldast eller opparbeidast for å auke opplevingsverdien, ivareta mangfaldet samt sikre allmein tilgjenge langs vassdraget.

Tiltak:

- Oppretthalde og eventuelt heve kvaliteten til dei mest nytta friluftsområda. Det skal førast tilsyn med friluftsområda for å sikre dei oppretthald høg kvalitet og unngår slitasje.
- Unngå inngrep som reduserar grønstrukturen. Knytte gang- og sykkelveg samt stiar opp mot grønstrukturen. Knytte gang- og sykkelveg samt stiar opp mot eksisterande og framtidege friluftsområde.

Ressursar

Dette er nærare skildra i Landbruksplanen for Bjerkreim.

Utvikling



Bilde frå E39 ved Birkemo

Bustader

I området er det to tettstader; Bjerkreim og Vikeså. Bjerkreim er den opphavlege tettstaden i Bjerkreim kommune. Vikeså sentrum vart bygd ut i **1976**. Utover dette er busetnaden meir spreidd. Forutan gardane er det to bustadområdar Kleivane og Langeli. Søndre delen av vassdraget ligg nært til Egersund, og vil av den grunn være eit noko press for bustadbygging. Når det gjeld framtidig utvikling ser ein for seg mindre utbygging på Vinningland og Versland, samt utviding av Kleivane. Dette bør kunne være nok for området. Det er og vesentleg å styrke dei eksisterande tettstadane, noko som er prioritert i kommuneplanen.

Fritidsbustader og camping

I området i dag er det få fritidsbustader langs Bjerkreimselva. Etter at kalkinga tok til har laksefiske auka vesentleg. Dette har ført auka etterspurnad etter utleige hytte, fritidsbustader og campingplassar. Det er eit stort ynskje å få plassert dei ulike tiltaka så nært elva som muleg. For å sikre allmenn ferdsel og dei kvalitetar elva vil vassdragsplanen sette ein streng line for kva som kan tillatast av ulike tiltak nært elva.

Vegar

Europa veg 39 har vert mykje endra fram til i dag. Traseen vil slik den ligg i dag, ikkje verte mykje endra framover. derfor vil ikkje vegen verte ein vesentleg konflikt med vassdraget. Ein ny trase for Riksveg 503 ved Vikeså vil lokalt sett være konflikt fult. Med ein god løysning kan det være mulig at dette kan forbetre tilhøva med gjengroing i elveutløpet. Samstundes bør det sikrast at laksen ikkje miste eit viktig gyte område.

Landbruket

Jordbruket har vært den dominerande næringa sida yngre jernalder og fram til i dag. Dette har satt sine spor som; rydningshaugar, gravhaugar, geil, steingardar, og bygge skikk. Sidan jordbruket framleis står sterkt i kommunen, har dette gitt ein sterk identitet til denne næringa. Kulturlandskapet er eit klart resultat av jordbruket sitt kontinuitet. Beite område og dyrkamark er dominerande for dalføret.

Globalt sett er det svært viktig å ta vare på dyrkbare område, sidan dyrkbar mark for verda er i tilbakegang. Utbygging, vann underskot, erosjon er nokre av faktorane som førar til dette.

Resultatmål:

- Sikre eit dynamisk landbruk som tek i vare kulturlandskapets ulike verdiar.

Tiltak/forvaltning:

- Unngå tiltak eller nedbygging av dyrkbar og eller dyrkajord.
- Stimulere til eit aktivt vedlikehald av kulturlandskapet

Industri og forretning

Når det gjeld eldre spor av anna verksemd enn jord og skogbruk, kan ein nemne vasskraft og meieridrift. Seinare er det etablert næringsområde nord og vest for Birkemo. Forretningar og næring finn ein og på Vikeså. Vikeså området vart bygd ut for å romme viktige sentrumsfunksjonar. Det vert ikkje aktuelt med etablering av nye næringsområde langs med hovud elvestrekket. Dette skyldast omsyn til jordvernet og at det er kostnadskrevjande å etablere seg i terrenget.

Arealdelen:

Retningslinjer

UTFYLLANDE FØRESEGN TIL AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN

Innafor ei sone på 30 meter breie langs dei større vassdraga, målt ved normalvassføring, kan arbeid og tiltak som nemnt i Plan og bygningslova §§ 81, 84, 86a, 86b og 93, samt frådeling til slike føremål, ikkje setjast i gang før det ligg føre ein godkjend plan i samsvar med kap. VII i plan og bygningslova

KLASSE 1

Forklaring:

Vassdragsbelte i og nær byar og tettstader som har eller kan få stor verdi for friluftsliv.

Område som er synleg påverka av inngrep.

Forvaltning:

Ein må unngå inngrep som vil vere til skade for pedagogiske verdiar, friluftsliv- og opplevingsverdiar, fiske og ferdsel i og langs vassdraget.

KLASSE 2

Forklaring:

Vassdragsbelte med moderat inngrep i sjølve vassdraget, og der nærområda er dominert av utmark, skogs- og jordbruksområde med kulturlandskap og spreidd busetnad.

Forvaltning:

Ein må oppretthalde hovudtrekka i landskapet. Inngrep som endrar tilhøva i kantvegetasjonen langs med vass- strengen og i område som vert oppfatta som ein del av vassdragsnaturen, bør unngåast

KLASSE 3

Forklaring:

vassdragsbelte som er lite rørt av moderne menneskeleg aktivitet, og som difor har stor opplevingsverd og vitskapleg verdi

Forvaltning:

Det er særleg viktig å ta vare på det urørde preget som området har. alle formar for omdisponering av areal i og nært vassdraget, bør unngåast. Vasskvalitet og naturleg vassføring må søkast oppretthaldt, og ein må søke å unngå alle former for inngrep som reduserar naturkvalitetane i vassdraget.

KLASSE 4

Forklaring:

Vassdragsbelte der det er registrert sårbare og trua dyre- og planteartar.

Overvintrings- og trekkområdar for fugl som er viktig nasjonalt/ internasjonalt.

Vassdragsområde med særleg mange plante- og dyreartar.

Forvaltning:

Leveområde for artane skal sikkrast mot inngrep eller anna verksemd som kan aude livs tilhøva for artane.

Vassdragsbeltet kan og omfatte andre delar av nedbørsfeltet når det er fagleg dokumentert at områda utgjer ein del av verneverdiane i vassdraget.

Litteratur kjelde:

Tittel	Forfattar	Årstal
--------	-----------	--------

Nasjonal rødliste for truede arter i Norge	Direktoratet for Naturforvaltning	1999
Kartlegging av naturtyper	Direktoratet for Naturforvaltning	1999
Viltkartverket for Bjerkreim	Knut Henrik Dagestad	1994
Vern av Edellauvskog i Rogaland	Bjørn S. berg	1984
Natur vi må verne	Stavanger Turistforening	1986
Arealbruk og sikring flomutsatte områder	Noregs energi og vassverk	1999
Naturtypeliste Bjerkreim kommune	Origo Miljø AS	2001
Opplev Dalane	Stavanger Turistforening	1999
Planlegging av campinganlegg	Rogaland fylkeskommune	2000
Driftsplan for Bjerkreimvassdraget	Bjerkreim Elveeigarlag BA	2001
Bjerkreimsvassdraget	NINA, B Walseng	2000
Jordens tilstand	Worldwatch Institute, Washington	2000
Fotobilder	Kai Øverland	

Vedlegg

Vassdragsplan for Bjerkreimselva